

# pansk realisme

en gjev ei unik oppleving av æreskultur og klasse rett før den andre verdskrigen.



Jun'ichirō Tanizaki, 1886–1965.

ferd, og sterke kjensler vert haldne inne sjølv i møte med dødsfall, sjukdom og skandalar. Handlinga er fri for dramatisk oppbygde forviklingar, og



Dei to yngste søstrene representerer to ulike kvinneideal som også vert bilete på brytninga mellom den gamle og den nye tida.

narrasjonen følger heller ikkje malar av det slaget der kvar person som vert introdusert, fyller ein dramatisk funksjon. I staden glir dagleglivet forbi med små og store hendingar i om lag fem år, og slik får vi portrettert ulike personar, ei sosial klasse og ein kultur.

Teksten verkar først langsam, detaljert og litt keisam, men det endra seg etter kvart som eg vart kjend med verda som vert skildra, og temperaturen stig i tredje del. Det dukkar også opp vakkert skildra tablå, og spesielt Sachikos oppleving av ei nattleg eldflugejakt merkte seg ut med både målande og poetiske kvaliteter. Ika Kaminka har funne eit rytmisk, vakkert norsk uttrykk og ser også ut til innimellom å ha lagt inn diskret forklarande element i omsetjinga, utan at det verkar påfallande.

Avslutninga av romanen er brå og av dei mest prosaiske eg har sett, og sidan det ikkje røper noko av handlinga, skal eg sitere den siste setninga: «Yukikos diaré ga seg ikke og vedvarte selv etter at de hadde satt seg på toget.» Lenger bort frå ein høgstemd slutt er det vel knapt mogeleg å kome, og for meg vart det eit humoristisk blunk frå forfattaren, som har demonstrert at jamvel det gjennomført kvardagslege kan verte elegant realisme.

**MERETE RØSVIK GRANLUND**

Merete Røsvik Granlund er litteraturvitar og fast bokmeldar i Dag og Tid.

# KLASSISK MUSIKK

SJUR HAGA BRINGELAND [sjurhbring@gmail.com](mailto:sjurhbring@gmail.com)



Studiestaden til Johan Svendsen og Edvard Grieg: Konservatoriet i Leipzig blei grunnlagt av Mendelssohn og var Tysklands første musikkhøgskule. Akvarell frå 1886. Foto: Wikimedia

## Pikante oboar

Eit vellaga album med musikk frå Tysklands første musikkhøgskule.

**CD**



GRIEG, SVENDSEN, HARTMANN, REINECKE:  
**Leipzig!**

OSLO KAMMERAKADEMI; OBO OG LEIING: DAVID FRIEDEMANN STRUNCK. LAWO 2014

På 1800-talet gjekk det nærast automatisk i at nordiske komponistspirer drog til Konservatoriet i Leipzig for å studera. Alle verka på Oslo Kammerakademis nye CD er knytte til denne byen. Albumet er vellaga, med interessant repertoarval og fleire ukjende komponistnamn, noko som alltid er eggjande.

**TRADISJONALISTAR**

København-komponisten Emil Hartmanns (1836–1898) *Serenade*, op. 43, er ikkje original kunst, men smakfullt snikra i hop. Særleg likande er allegro-delen i fyrstesatsen, med pikante oboar som kaklar friskt over dei klagande utfalla frå fagotten.

Tradisjonell er òg Carl Reinecke (1824–1910). Han var fødd i Altona, som den gongen var ein småby under København, men i dag er ein bydel i Hamburg. Mendelssohns påverknad høyrer me tydeleg i *Oktett i b-dur*, op. 216: Melodien i den introverte adagio ma non troppo-satsen er bygd opp av smålema motiv, men klarinetane i Oslo Kammerakademi maktar på vakkert vis å binda

dei saman til vide frasar.

**KRASSE HORN**

I sjølvbiografien sin minnest Edvard Grieg (1843–1907) at Ole Bull sa til han i Bergen: «Du skal til Leipzig for å bli kunstnar.» Det mest kjende stykket på plata er Griegs *Lyrisk suite*, op. 54, frå *Lyriske stykker* for klaver. Her er suiten arrangert for blåskvintett av fagottisten Trond Olaf Larsen, og i den nye besetninga er «Gangar»-satsen den mest utbyterike. Horninnsatsane er nokså krasse, men – kvifor ikkje? – musikken har me høyrte mange gonger før, men aldri *slik*.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sjur Haga Bringeland er muskar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Kostesam marsjmusikk

**CD**

SPOHR, OFFENBACH, GISKE M.F.L.:



**Stella Maris**

SJØFORSVARETS MUSIKKORPS, DIR.:

INGAR BERGBY. LAWO 2014

Jamføring: Das Luftwaffen-Musik-Korps Nr. 1 (Euro Trend 2005)

Klangen av Sjøforsvarets musikkorps under dirigenten Ingar Bergby er rik på dynamiske nyansar og fule betoningar. Friedrich Spohrs (1830–1896) staselege *Grüß an Kiel* kling her mildare og meir stovereint enn på den beste referanseinnspelinga mi, med

Das Luftwaffen-Musik-Korps Nr. 1. Siste sporet på den nye plata er det festlegaste: I år er det ikkje berre grunnlovsjubileum, det er òg to hundre år sidan det sjølvstendige norske sjøforsvaret blei til. Til feiringa har Sjøforsvaret tinga eit jubileumsstykke av komponisten og trompetisten Svein Henrik

Giske. Hans *Jubileumsmarsj* er like god til konsertbruk som til å marsjera etter, og den musikalske siteringa av *Mellom bakkar og berg*, som står som eit mollinterludium midt i verket, er kostesam.

**SJUR HAGA BRINGELAND**



Sjøforsvaret feirar 200-årsjubileum i år. Her Sjøforsvarets musikkorps på tokt i Byfjorden i Bergen. Foto: Eivind Senneset